

Himmel&hav

3. ÅRGANG / NR. 2 2025

INFORMASJON



Bestevenner i kyrkja

Bjørn Herman (7) og Olai (8), blei kjende på ein juletrefest i Foldnes kyrkje. I dag er dei bestevenner og aktive i kyrkja. Her er dei med som både forsongarar, is-sjefar og deltakarar på søndagsskule og T-dagar.

SIDE 16



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd



Annlaug Børve
Kyrkjeverje



Ein fellesskap å heie på

I skrivande stund vert konfirmantkapper henta fram og konfirmasjonspreiker finpussa rundt omkring i alle kyrkjene her i Øygarden. Når du no held Himmel&hav i handa di har heile 378 ungdomar blitt konfirmerte i Den norske kyrkja her hos oss. I kvite kapper har dei stått framfor både familie og fadrar, prest og kyrkjelyd – i ei høgtid som både er ei stadfesting og ein invitasjon.

Konfirmasjonen markerer eit viktig punkt i livet. For mange unge er konfirmasjonstida første gong dei reflekterer djupare over tru, verdiar og kva det vil seie å høyre til. Difor er det òg eit viktig høve for oss vaksne – foreldre, besteforeldre, fadrar og vener – til å stille opp, heie, lytte og støtte. Å vere konfirmert er ikkje å vere «ferdig» – det er å vere undervegs.

Konfirmanttida viser oss at kyrkja er ein plass for ungdom – og at mange unge trivst og finn meinung her. Det gjer oss glade og takksame, og det utfordrar oss til å halde fram med å bygge fellesskap der unge

kjenner seg velkomne også etter konfirmasjonsdagen. I våre kyrkjedalar finst det difor både ungdomskveldar, kor, leifar og gudstenester - fellesskap som gjev gode, trygge rammer der alle som vil, er hjarteleig velkomne.

Difor vil vi oppmøde deg som har ein konfirmant i livet ditt: Minn ungdomen din på at kyrkjedøra framleis står open. Kanskje er det nettopp du som kan vere med og opne døra inn til ein fellesskap som ber, byggjer og varer – langt utover høgtidsdagen.

Utgjevar:

Øygarden kyrklege fellesråd

Ansvarleg redaktør:

Annlaug Børve, kyrkjeverje

Redaktør og grafisk utforming:

Yngvild Mørner Sørheim

Redaksjon: Olai Otterå (Sund sokn), Øyvind Angelskår (Foldnes sokn), Alvhild Vassel Eide (Landro sokn), Olav Martin Vik (Hjelme og Blomvåg sokn)

Framsidebilete: Bjørn og Olai viser frem søndagsskuleutstyret

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Aksell

Opplag: 4 nummer i året.

Frivillig kontingent:

350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds.
Takk for di støtte!



Bankkonto kyrkjeblad:

1503.84.37590

Vipps - kyrkjemagasinet

Himmel&hav: 82511

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Himmel&hav: 20. juni

E-post redaksjon: ys487@kyrkja.no

Kontaktinformasjon

Øygarden kyrkjekontor,

Tytebærbrekko 2, 5353 Straume
Vi har kontor i andre etasje i
Temahuset.

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar
kl. 09.30–14.30

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden

Kvifor får du Himmel&hav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle poskassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekke ut adresser, så om du ikkje ønsker bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelen. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

Innhald



4



7



10



12



16



28

- 04** Songglede, trusglede og fellesskap
- 06** Motorsykkeltreff
- 07** Vedlikehald på gravplassane
- 08** Konsertar og arrangement
- 10** Små røyster, store tonar
- 11** Frivillige i Home-Start

- 12** Refuel Weekend
- 13** Sotra Reviderte syng for siste gong
- 14** Ung organist med klare framtidsplanar
- 15** God pinse!
- 16** Olai og Bjørn Herman er bestevenner i kyrkja
- 18** Livets gang
- 19** Blomstrande musikkliv

- 20** Barn og unge sine sider
- 23** Basar i Landro
- 24** Smånytt
- 27** PåskeTweens
- 28** Hjelme gamle kyrkje 150 år: jubileumsveke
- 29** Vårmarknad på Kausland
- 30** Gudstenester

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.



Songglede, trusglede og fellesskap

Nord i Øygarden er det to flotte kor for barn og ungdom!

Tekst: Espen Tveten

Foto: Torgeir Sandøy Johannesen



Det blir servert middag til heile familien før korøvingane til Lyskastaren (foto: Kristine Sture Toft)



Lyskastaren syng ofte på gudsteneste i Blomvåg kyrkje

Lyskastaren er koret for barn frå fire år og opp til fjerde klasse. Deretter kan ein «hoppa» over til Gospel Teens som er koret frå femte klasse oppover.

Kortradisjonen er sterkt i «gamle» Øygarden og det er stor songglede. For å oppretthalde det gode songmiljøet treng ein dyktige og engasjerte dirigenter og vaksenleiarar. Dei finst heldigvis!

Møteplass for heile familien
Lyskastaren øver annankvar måndag på Vik bedehus og koret har no 60 medlemmar. Koret har eige band og ei god gruppe med vaksne damer som lagar middag. Før øvinga startar, får barna, foreldra og søskene servert varm mat. Det kan vere mellom 80 til 100 personar som skal serverast. Leiarane i barnekoret ønskte at øvingane skulle vere ein møteplass for heile familien. Øvinga startar tidleg på ettermiddagen, omrent midt i middagstida for mange og difor ville ein forsøke å lage tilbod til

heile familien. Det har det vorte. Koret syng ofte på Vik bedehus og i Blomvåg kyrkje og ved andre spesielle arrangement.

Dirigent Åse-May Solsvik har sjølv hatt stor glede av å synge i mange ulike kor. Dei siste 14 åra har ho dirigert Lyskastaren. Ho brenn for dette arbeidet fordi det er ein utruleg fin måte å læra barna at Jesus elskar deg og bryr seg om dei. –Det er viktig å velja songar med gode tekstar. Songtekstar tar vi med oss gjennom heile livet, meiner Åse-May. Ho hugsar sjølv mange av tekstane på barne-songane ho lærte som barn. Difor må tekstane barna lærer vere gode. –Gjennom songen kan me gje dei eit nært forhold til Jesus. Bodskapen om Jesus er det beste me kan gje barna, fortel dirigenten.

Songglede til ungdomane
Gospel Teens, som øver i Blomvåg kyrkje, har hatt Olaug Rong som dirigent i 14 år. Det viktigaste for ho er å sjå song-

gleda til ungdomane og at dei har eit trygt og meiningsfullt fellesskap. I tillegg er det trusstyrkande for hennar eiga tru å ha fellesskapet med ungdomane. Koret har mange vaksenleiarar som både syng og driv koret. Nett no har koret 40 medlemmar og dei planlegg tur til Oslo. Siste helga i mai skal dei delta på The International Soul Children Festival med over 1000 andre songare. Det er flott å ha eit slikt mål å sjå fram mot når ein øver og terpar mykje på øvingane.

Refuel Weekend

Fyste helga i april var både Lyskastaren og Gospel Teens med på den store gudstenesta under Refuel Weekend. Det er ei årleg helg for ungdomsklubben Refuel i regi av INRI-kyrkja. Hjeltefjorden arena vart gjort om til ungdomshelg og gudstenestestad. Kora song av full hals og med mykje entusiasme til stor glede for dei nærmere 400 frammøtte.

Motorsykkeltreff med fart, fellesskap og ferske bollar

Ein fin kveld med gode samtalar, glade gjensyn og dufta av nybakte bollar prega motorsykkeltreffet i Fjell kyrkje første helga i mai.

Tekst og foto: Renate Olsen Seim



Heile 15 personar tok turen innom, og både motorinteresserte og nysgjerrige fekk ein sosial og varm kveld saman. Nokon hadde teke seg tid til å baka bollar, noko som vart sett stor pris på av alle frammøtte. Det var tydeleg at fellesskapen stod i sentrum, med god stemming, latter og delte

historiar både frå vegen og livet.

På slutten av treffet samla dei som ønskte det, seg i kyrkjerommet for å be ei bønn og tenna lys i lysgloben. Me er takksame for alle som kom og bidrog, og håpar dette kan bli ein ny tradisjon i motorsykkelsesongen.

Det vil komme fleire treff i løpet av sommaren, så det er berre å følgje med på sosiale medium som Fjell kyrkje sin Instagram og Facebook. Fjell Raiders har også laga si eiga Facebook-side, så du må gjerne følgja oss der.

Aasmund Brekke
JAZZMESSE
Live frå Foldnes kyrkje 22.05.2022

Helge Haukås - tp, flh
Tonje Hernes - as
Håvar Skauge - ts
Jon Martin Skauge - g
Aasmund Brekke - p, el-p
Sigmund Vik - b
Mikael Sæbø - kontrabass - tr
Maria Tveter - liturg
Lene Innerdal - kor
Beate Serhus - kor
Ingrid Rebbord - kor
Trond Høvik - kor
Øyvind Angelskår - kor

Glasmåleri frå Os kyrkje



Jazzmesse

Til 150-årsjubileet for Os kyrkje i 2020 vart det komponert ei jazzmesse av Aasmund Brekke, som er organist i Foldnes kyrkje. I mai 2022 vart denne messa framført under ei radiogudsteneste for NRK i Foldnes kyrkje. Opptaket som NRK gjorde på denne gudstenesta har i etterkant blitt miksa og gjort klart for publisering av Jon Martin Skauge, og er no tilgjengeleg på ulike strøymetenester, t.d. Spotify og YouTube. Ved å scanna spotify-koden via Spotify på telefonen kan du enkelt finne fram albumet.



Vedlikehald på gravplassane – litt annleis i år

Gravplassane i Øygarden er viktige stader for minne, ettertanke og omsorg. Difor legg vi stor vekt på at desse stadane skal opplevast som velstelte og verdige. Men i år vert vedlikehaldet noko annleis enn mange er vande med

Tekst: Annlaug Børve

Foto: Tore Heggernes

Øygarden kyrkjelege fellesråd har ikke fått kompensasjon for løns- og prisvekst i årets budsjett. Dette inneber ei reell innstramming i rammene for den samla kyrkjelege verksemda, også for drifta av kyrkjegardane. Vi har difor færre fast tilsette og færre sommarvikarar enn tidlegare, og må prioritere hardare enn før.

Dette betyr at graset kan verte høgare enn vanleg før det vert klipt, og at kantklipping rundt gravminne berre vil skje når vi har kapasitet til det. Vi oppmodar

difor alle som steller ei grav, til sjølv å klippe litt rundt gravminnet dersom ein har høve til det. Mange gjer dette allereie, og det er eit verdifullt bidrag til fellesskapen.

Vi minner òg om at avfall må sorterast rett. Bioavfall høyrer heime i spenn merka med dette, medan plastpotter, lys og restavfall må kastast i eigne behaldarar. Feilsortering skapar ekstraarbeid og kostnader, og belastar ei allereie pressa drift.

På nokre av kyrkjegardane har vi no fått robotklipparar. Desse gjer ein god og effektiv jobb, og vi ber alle om å la dei få gjere arbeidet sitt uhindra.

Til slutt vil vi minne om noko viktig: Det er ikkje kyrkjegardsarbeidarane som bestemmer budsjetttrammene. Dei gjer så godt dei kan med dei ressursane dei har. Vis respekt og forståing, og hjelp oss å ta vare på gravplassane våre, slik at dei framleis kan vere gode stader å oppsøke i sorg, minne og takksemد.

KONSERTAR OG ARRANGEMENT





Kyrrie

ORGELKONSERT
med Øystein Steinsland

6. juli kl. 19.00 Fjell kyrkje

13. juli kl. 19.00 Hjelme kyrkje

KYRIE - Herre, miskunn deg over oss. Mange store komponistar har komponert musikk over denne korte men likevel veldig viktige bøna i vår kristne liturgi. Kyrie er den første sunge bøna i gudstenesta. Idéen er å presentere den store variasjonen av stilar og teknikkar der denne musikken vert nytta. Nokon av komposisjonane er meditative og rolege , mens andre er utadvendte og komplekse. Dei fleste verka i denne konserten er arrangement frå orkester og/eller kor til orgel.

Gratis inngang



Avslutnings- konsert

med Vokalensemplet
Sotra Reviderte

Fjell kyrkje

Søndag 15. juni | kl. 19.00

Øygarden kyrkjebrass deltek
Gratis inngang - kollekt

Kaffi og kake i kyrkjelydssalen
etter konserten, vel møt!

NORGES
KIRKESANGFORBUND
BOKSVIN



Konfirmantjubileum søndag 12. oktober



Det vert konfirmantjubileum for konfirmantar i Fjell kyrkje frå årskulla: 1945, 1950, 1955, 1965 og 1975. Arr: Fjell sokneråd.

Påmelding sms/telf. til 901 94 841 eller mail til: fjanders@outlook.com



Små røyster, store tonar

Stjernekoret i Sund er kyrkjelyden sitt barnekor for dei mellom fire og ni år. Men nokre av borna har lyst å begynne i koret sjølv om dei berre er tre år, og det får dei lov til så lenge dei bidreg til songen.

Tekst og foto: Olai Otterå

Koret over i Sund kyrkje annankvar tysdag. På medlemslista er det over 20 namn, men ikkje alle er med på øvingane kvar gong. Som oftast ligg talet på 12-15 born. På øvinga rett etter påske var det ni born som dukka opp.

Dirigenten dei siste åra har vore Hanne Kathrine Boga. Ho tek seg tid til å prate litt med dei etter kvart som dei dukkar opp. Men snart er dei i gong med øvinga. Denne dagen gjekk det i songar som dei alle kunne, også dei aller minste. Men korleis går det når de skal lære nye songar? lurte

eg på. –Det går som regel greitt, fortalte Hanne. –Eg syng nokre linjer som borna gjentek, og etter kvart kan dei heile verset. Til songane spelar organisten Marija Bernotaite på flygelet.

Mange av songane har rørsler i seg. –Dette gjer at det blir meir variasjon i øvingane, fortel Hanne. Men dei har òg songar utan rørsler på repertoaret.

Variasjon blei det i alle fall på denne øvinga. Etter ei stund set alle seg ned i ein ring på golvet. Dei held kvarandre i hendene,

og så får dei beskjed om å sende meldingar til kvarandre ved å klemme naboen i handa. Ein annan aktivitet er at Hanne tar koret med seg på vandring rundt i kyrkjerommet medan dei held kvarandre i hendene og syng.

Dagen sluttar gjerne med at dei syng velsigninga på veg ut av kyrkjerommet. Utanfor sit foreldra og ventar. Foreldra får ikkje vera inni kyrkjerommet under øvingane. –Det gjeld at borna er konsentrerte når vi er over, seier Hanne, som gjerne ser at mange fleire blir med Stjernekoret.

Per og Laila Norvik er frivillige i Home-Start - saman!

–Det å vere frivillige i Home-Start gir oss mykje glede. Vi får så mykje tilbake og kosar oss saman med barna, forteller Per og Laila.



Vi som par har både tid og lyst til å hjelpe nokon som treng litt ekstra støtte i kvardagen, det er jo berre to timer i veka. For oss er det kjekt å ha eit felles ”prosjekt” å halde på med, og vi får dele opplevinga av det er å vere saman med familiene. Vi ser at vi utfyller kvarandre i rolla som frivillig, og det er absolutt eit pluss med fleire hender og fang - til dømes i familiar med store barneflokkar, eller tvillingar.

For familiene som får hjelp frå Home-Start utgjer dei to timane i veka ein stor skilnad!

Nytt kurs for frivillige startar i september, og dersom du vil vere med, kan du ta kontakt med koordinatorane Liv Kari eller Ingelin på homestart.oygarden@kfuk-kfum.no. Du kan lese meir om Home-Start på nettsidene homestart.no, eller på Home-Start Øygarden sine facebooksider. *To timer er gjerne ikkje så mykje for deg, men for slitne småbarnsforeldre kan det faktisk opplevast som ein ferie!*

Dette seier familiar i Øygarden som har fått hjelp frå Home-Start:

” Å få hjelp av Home-Start har inspirert oss til å våge å spørje andre om hjelp.

” Det har gått meir opp for oss at vi som foreldre treng ein flokk rundt oss.

” Dei to timane kjendest som ein ferie! Vi foreldre fekk endeleg tid til å prate saman utan å bli avbrotne

” At vi har tatt imot hjelp, og fortalt andre om det, har ført til at dei også vågar å be om hjelp.

Kva er Home-Start?

Home-Start er eit frivillig tilbod til småbarnsfamiliar med ulike utfordringar i kvardagen. Dette er eit familiestøtteprogram der familiekontaktar (frivillige) besøkjer familiar med minst eitt barn under skulealder, to timer i veka, i eit halvt år. Home-Start er eit supplement til det offentlege hjelpeapparatet, og er basert på frivillig hjelp og støtte i familiens sin eigen heim.

Korleis fungerer det?

Familiene kan sjølv ta kontakt, eller dei får kontakt med Home-Start gjennom til dømes helsestasjonen. Familien bestemmer sjølv kva dei treng hjelp til, og alle opplysningar blir behandla konfidensielt.

Kven kan bli familiekontakt?

Dette er menneske som har tid til overs, og som har stor glede av å vere saman med barn. Dei er sjølv foreldre, eller har anna erfaring med barn. Familiekontaktane går gjennom eit førebuingskurs på minimum 20 timer, leverer politiattest og skriv under på ein teielovnad.



Refuel Weekend for 10. gong

I det 10. året med ungdomsfestivalen Refuel Weekend vart det rekordpåmelding. Ruben Nordvik (22) og Markus Solsvik (18) er to av eldsjelene bak arrangementet i Hjeltefjorden arena på Rong.

Tekst: Hogne Berland

Foto: Torgeir Sandøy Johannesen og Kristoffer Nordvik

På Refuel Weekend ønskjer dei å samle både lokal og tilreisande ungdom til ei helg med masse godt innhold. Møte, lovsong, aktivitetar, kafé og underhaldning, med skikkeleg scene, lyd og lys. Det er ungdomsklubben Refuel som er arrangør av denne helga som har vorte ein årleg tradisjon.

Ruben og Markus har lenge vore i styret i klubben. I jubileumsåret hadde dei lyst å gjera noko ekstra og fekk overbevist resten av gjengen om å satse litt. Dermed vart Lisa Børud invitert til å halde konsert, Thor Haavik vart invitert til å tale og arrangementet vart flytta til Hjeltefjorden arena for å ha plass til fleire. Dei har brukt mykje tid på å planlegge helga og i vekene før har det omtrent vore ein fulltidsjobb med rigging og fiksing av alt mogleg.

–Det viktigaste for oss er at ungdomane skal få møte Jesus, seier dei. Det kristne fellesskapet i

ungdomsarbeidet har vore viktig for oss i oppveksten. Me håpar å skape ei helg der ungdomar kan samlast på tvers av ungdomsarbeid og kan møta kvarande i ein større samanheng. Og så gjer me det sjølv sagt fordi me synes det er kjekt!

Dei er nøgde med både responsen frå ungdomane og at så mange vaksne var med som medhjelparar. På kveldsmøta var det nærmare 200 innom.

–Det er veldig gøy at så mange ungdomar vil vera med, seier Markus. –Og så verkar det som noko av det dei får høre om i talane går inn, det er veldig fint.

Over 100 ungdomar var med frå morgon til kveld på lørdagen og fekk velje mellom eit godt utval aktivitetar. Veret spelte på lag, så ting skjedde både ute og inne. Nokre hadde KRIK-økt på fotballbana eller volleyball i

gymsal, medan andre brukte tida på skytebane i Kulturhuset eller på paintball på Skjergardsheimen. Vel tilbake i arenaen fekk alle servert middag før det var seminar og seinare kveldsmøte, underhaldning og lovsangskveld med elevar frå Kongshaug musikkgymnas. Programmet er tett og det vart ikkje mykje fritid for Ruben og Markus, men det er slik dei likar det.

–Du må skrive at veldig mange var med og dagnadsånda var god! Me er berre to enkle guitar frå Øygarden, seier dei og ler.

At mange er med, har dei rett i. Over 50 vaksne var i løpet av helga med som vakt, i kafé, på rigging, som forbedrarar og mykje anna.

På spørsmål om kva som var høgdepunktet, har dei litt ulike svar. Ruben trekkjer fram talane til Thor Haavik.



Markus og Ruben med Thor Haavik

–Det var interessante andakter som var lette å forstå! Mange av deltakarane ga tilbakemelding på at det var kjekt å ha Thor med.

Markus syntes heile helga var eit høgdepunkt. Men synes det var ekstra inspirerande at det også kom mange ungdomar frå andre stader enn heilt lokalt.

–Det er litt av det me vil med helga, at ungdomane herfrå skal få treffen andre kristne og sjå at me kan vera mange.

Det var nemleg mange tilreisande og nokre hadde reist såpass langt at dei fekk overnatte i klasserom på Øygarden ungdomsskule. To bilar med ungdomar kom heilt frå Stavanger!

På søndagen vart helga avslutta med gudsteneste for heile familien. Både barnekoret Lyskastaren og ungdomskoret Gospel Teens var med og 380 menneske fann vegen til arenaen for ei skikkeleg festgudsteneste. Helga vart avslutta med grillmat til alle i strålande sol.

Ruben og Markus har ikkje tenkt å slappa av og planlegginga til neste år er allereie i gong. Refuel Weekend 26 vert 10.-12. april. Dei satsar på minst like god respons og har booka Hjeltefjorden arena på ny.

–Det er berre til å setje av datoene og glede seg til 2026!

Eit kapittel er over: Sotra Reviderte takkar av

Vokalensemplet Sotra Reviderte er eit acappella-kor som heilt sidan 1979 har vore knytt til Fjell kyrkje, med kantor Olav Sørheim som trygg og musikalsk leiar.

Tekst: Ingjerd H. Johansen for Sotra Reviderte
Foto: Yngvild Mørner Sørheim



Sotra Reviderte var med og song jula inn i Fjell kyrkje i desember.

Mange år har gått, songarar har kome og gått, og vi har fått vere med på mykje, alt frå songkonkurransar og konsertar til fine opplevingar både her heime og i utlandet. Vi har til og med dukka opp på både NRK og TV2! Som kyrkjekor i Fjell har vi også fått bidra på mange gudstenester og arrangement i kyrkja.

No har tida kome for å runde av. Både fordi dirigenten vår eigentleg skulle vore pensjonist for lenge sidan, og fordi kapasiteten i koret ikkje er som før. Det er vemonig å seie farvel til eit så fint korliv som har betydd mykje for oss alle, men no er det rett tidspunkt for Sotra Reviderte å takke av.

Vi håpar å sjå mange kjende andlet på avslutningskonserten vår 15. juni kl. 19 i Fjell kyrkje. Det blir ein varm og verdig avslutning på eit langt og rikt kapittel, og konserten er heilt gratis. Etterpå inviterer vi til kaffi og kaker, så ta gjerne med deg nokon og kom.



Hels på Martin Jonas Hellelund Nakken

–Eg er med som medliturg på gudstenester i Blomvåg kyrkje. Til vanleg jobbar eg som avdelingsleiar på Rong skule, og er med i soknerådet for Hjelme og Blomvåg, fortel Martin.

–Det er kjekt å vere med som frivillig, det er ei fin teneste og eg får bidra inn i kyrkjelyden. Eg har god nytte av min bakgrunn som lærar i ei slik teneste, for eg synes det er kjekt å formidle, spesielt når det er noko som er så viktig.

Tenesta går i hovudsak ut på å ha inngangsord, lese tekster, bidra under nattverden og lese kunngjeringar.

Martin Jonas har vore medliturg i nokre år, og synes det er ei kjekk teneste å få stå i. Han likar godt å kunne bidra inn i kyrkjelyden med dei gåvene han har fått.

I tillegg er han også leiar for KRIK-arbeidet i soknet. Der leiar han samlingane, saman med andre frivillige. Dette er eit arbeid han allereie starta med når han sjølv gjekk på ungdomsskulen, med unntak av dei åra han har studert.

Vil du vere med i det frivillige arbeidet i kyrkja?

Ta kontakt med diakon/-medarbeidar i di kyrkje, sjå s. 31.

Ung organist med klare framtidsplanar



Edvard Hansen var konfirmant i Foldnes kyrkje i fjor, og er ein ivrig utøvar på kyrkjeorgel.

Tekst og foto: Aasmund Brekke

Han øver ofte i Foldnes kyrkje, og han har fleire gonger vore med og spelt på gudstenester og konsertar i kyrkja. Vi møtte Edvard i kyrkja i påska til ein liten prat.

Kor lenge har du spelt orgel?


–I omrent to år, og no går eg til orgelundervisning hos Solveig Karoline, organisten i Fjell kyrkje.

Kva er det kjekkaste med å spela orgel?

–Det trur eg må vera den store variasjonen i klangfargar og størrelse på klangen som er mogleg på eit kyrkjeorgel. Og det å bruka alle dei ulike karakterane som instrumenta har i dei ulike stemmene.

Kva planar har du for tida framover?

–Først planlegg eg å gå musikklinja på vidaregåande på Langhaugen i Bergen, og etter det vil eg prøva å utdanna meg til organist på Det kongelige danske musikkonservatorium i København.



**Jan Tommy Fosse
Prost**

«Da pinsedagen kom, var alle samlet på ett sted. Plutselig lød det fra himmelen som når en kraftig vind blåser, og lyden fylte hele huset hvor de satt. Tunger som av ild viste seg for dem, delte seg og satte seg på hver enkelt av dem. Da ble de alle fylt av Den hellige ånd, og de begynte å tale på andre språk ettersom Ånden ga dem å forkynne.»

(Apg 2,1-4)

Sånn begynner fortellingen om pinsedagen i Apostlenes gjerninger. Disiplene og vennene til Jesus hadde vært vitner til at Jesus døde på korset på Langfredag, og flere av dem hadde med egne øyne sett den tomme graven og møtt Jesus på Påskedag. Så møtte han dem flere ganger i løpet av de neste dagene

og ukene, både i Jerusalem og ved Genesaretsjøen. Og bare noen dager før pinse hadde han tatt dem med opp på Oljeberget hvor de så ham bli løftet opp til himmelen.

Jeg ser for meg at de begynte å spørre hverandre: «Hva nå?» Og så var det kanskje en av dem som kom på det Jesus hadde sagt til dem da de var sammen kvelden før han døde:

«Jeg lar dere ikke bli igjen som foreldreløse barn. Jeg kommer til dere.» og «Ennå har jeg mye å si dere, men dere kan ikke bære det nå. Men når sannhetens Ånd kommer, skal han veilede dere til hele sannheten.»

(Joh 14,18 og 16,12-13)

Kanskje synes vi påskens fortellinger om Jesus som dør på et kors i Jerusalem er langt unna våre liv, og spør hvordan det som skjedde, angår oss. I pinsen feirer vi at Gud gjennom sin hellige Ånd er til stede i vår verden og hos den enkelte av oss, hver eneste dag. Og på samme måte som disiplene på pinsedag ble fylt av Den hellige ånd, blir vi også det når dåpsvannet øses over hodet vårt og presten etterpå sier: «Den allmektige Gud har i dåpen gitt deg sin hellige Ånd, født deg på ny og tatt deg inn i sin troende menighet.»

I pinsen feirer vi at Den hellige ånd er Gud til stede i vår verden og i våre liv. Ånden viser oss hvem Jesus er og inviterer oss til å tro.

Bestevenner i kyrkja

Bjørn Herman (7) og Olai (8), blei kjende på ein juletrefest i Foldnes kyrkje. I dag er dei bestevenner og aktive i kyrkja og er med som både som forsongarar, is-sjefar og deltagarar på søndagsskule og T-dagar.



Tekst: Maria Wergeland

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Olai Hageberg Gjerstad (8 år) og Bjørn Herman Vilkensen Brøvig (7 år), blei kjende med kvarandre for første gong på ein juletrefest i Foldnes kyrkje for fleire år sidan. –Det var då vi leikte saman for fyrste gong, fortel Olai og gir Bjørn Herman ein god klem. I dag er dei blitt bestevenner. No går dei i same klasse på skulen og ser kvarandre ofte, både der og i kyrkja.

Dei to gutane er aktive i kyrke-lyden. Dei deltek ofte på søndags-skule og gudstenester, og av og til er dei med som forsongarar. –Det er kjekt å få hjelpe til, seier Olai, som også har vore med å hjelpe

presten og kyrkjetenarane. –Nokre gonger får eg vere is-sjef og styre ismaskina under kyrkjekaffien. Dei som har vore på søndagsskule kan betale med Gulliver-pengar som vi får der, smiler han.

Gulliver og bibelforteljingar

Når det ikkje er familieguds-teneste, pleier Bjørn Herman og Olai å vere med på søndags-skulen. Alle startar i kyrkjerommet kl. 11, og er med på starten av gudstenesta. Presten opnar ei skattekiste der det ligg noko som peikar på temaet for dagen, også for alle på søndagsskulen.

–Det kjekkaste med søndags-skulen er å sjå film med Gulliver og høre på bibelforteljingar, seier Bjørn Herman. Gulliver er maskoten til søndagsskulen, og av og til dukkar bamsegullfisken opp på skjermen og snakkar. På søndagsskulen hører barna ei bibelforteljing, syng, tenner lys, ber og leikar eller gjer hobbyaktivitetar før dei går tilbake til resten av kyrkjelyden.

Dei forklarer korleis dei skjønar kvar i Bibelen forteljinga kjem frå: –Vi har eit tau med tre knutar. Når det heng noko på midten, er det frå då Jesus levde på jorda. På første knuten er det frå Det gamle



testamentet, og på siste er det frå tida etter at Jesus fór opp til himmelen, forklarar dei.

T-dagar

Olai og Bjørn Herman har også vore med på T-dagar. Dette er spesielle trusopplæringsdagar i kyrkjene Fjell, Foldnes og Landro, for ulike aldersgrupper. –I fjar var vi med på "T7 – Sprell levande" i Landro kyrkje. Det var kjempemoro! Vi fekk vere med på mange ulike stasjonar, seier dei. –Det kjekkaste var pølsa, seier Bjørn Herman med eit stort smil. –Og så laga vi bønekringler, legg Olai til. Mor til Bjørn Herman,

Marte, hugsar godt den dagen:
–Vi fekk med oss mykje fint som vi kan bruke saman i heimen, som bøner, ei tøypose og lys. Det var ein veldig fin dag.

Blad og framtidsplanar

Bjørn Herman likar spesielt godt søndagsskulebladet "Barnas", som han får med seg heim. –Eg likar oppgåvane og vitsane på siste sida best! Olai får bladet i posten, og det hender at han tek med eit ekstra for å gi vidare til nokon andre.

Begge ser fram til meir dei kan vere med på i kyrkja. –Eg gler meg

til å bli stor nok til å vere med i gaminggruppa i kyrkjekjellaren, seier Bjørn Herman. –Og til tårnagentsamlinga når eg blir ni år. Storesøstera mi var med, og ho hadde det veldig kjekt.

–Det beste med gudstenesta? Kyrkjekaffien, seier Bjørn Herman. –Mat er det viktigaste i livet! Olai nikkar og legg til: –Og at vi får vere med og hjelpe til.



LIVETS GANG

10. februar - 27. april

DØYPTE

Kausland kyrkje

Synne Hetland Selstø
Ada Bakke Hope
Markus Emilian Vorland
Emma Lunde Forland
Matilde Øvretveit Ulvesæter
Astrid Olsen Lofnes
Matteus Sagstad Hjellestad
William Nordtveit Kallestad
Leander Skråmestø Hagenes
Peder Fjell Selstø
William Hustvedt-Birkeland

Sund kyrkje

Tiril Børnes Våge
Mathias Skoge Bergersen
Solea Limevåg Naustdal
Andre Limevåg Neteland
Edvard Kalgraaff Vikøren

Fjell kyrkje

Luca Thunestvedt Eriksen
Cedric Solsvik Wasmuth
Henrik Huggens Kolaas
Amelia Karin Willgoths Gjeitanger
Edvin Eikås Gaulen
William Alexander Larsen Berge
Ida Algrøy Bjørndal
Mathilde Langeland Bildøy
Ellinor Konstanse Svidal Telle
Lian Leonas Skiftesvik
Noelia Nerdal
Emma-Theresa Bayas-Egeland
Martin Josè Bayas-Egeland
Isabel Lind Hatland

Foldnes kyrkje

Havana Bratland Polo
Nicolai Mo
Sillas Dåvøy
Isak Melås
Eilev Laugerud Hegdahl
Selena Wiik Fandino
Olivia Solvang Flaten
Levi Visnes Kolbeinsvik
Mio Lien Fjell
Aksel Olsen
Henrik Birkhaug Halseth
Mathias Lilleheil

Isak Soumahoro Jensen
Vilde Misje
Dahlia Linnea Aas
Ellie Oppermann Pihlstrøm
Albert Espetvedt Vårdal
Tia Trellevik Mjanger
Lily Drageland
Linnea Foldnes Klæth
Håkon Anthun Giebner

Landro kyrkje

Jesper Johannessen
Dennis André Heimark
Whitney Sekina Dyrkolbotn
Gabriela Quispe De La Cruz
Linnea Nordtveit Ryland
Herman Nielsen Toftevåg

Blomvåg kyrkje

Petra Dale Gerhardsen
Samuel Henry Nordtveit
Bertin Løge Sæle
Adam Skarveland Lerum
Roy Nikolai Holgersen
Filip Helland Hammer
Liam Robstad Alden
Mika Johnsen Østby
Ellie Johnsen Østby

VIGDE

Fjell kyrkje

Malin Anfindsen og Marius
Eriksen Alsaker

Kristine Kårtveit Solsvik og
Henrik Haugen Mælen

Foldnes kyrkje

Tina Arefjord og Øystein Bøe

Landro kyrkje

Linn Therese Johannessen
og Lasse Vegard Wik

Blomvåg kyrkje

Ingebjørg Martinussen
og Even Salvesen

DØDE

Kausland kyrkje

Klara Marie Moen Telle f. 1934
Anna Maria Hammersland f. 1928

Andreas Arnulf Pedersen f. 1946
Oddvar Malfred Spilde f. 1940

Sund kyrkje

Birger Håkon Kleppe f. 1944
Ove Sigurd Flataker f. 1944
Roy Roger Sundsbø f. 1961
Lilly Amanda Olsen f. 1924
Marie Vassenden f. 1925
Jarle-Ketil Tellnes f. 1953
Gunnar Rabben f. 1952

Foldnes kyrkje

Arnstein Telle f. 1961
Ingvald Lokøy f. 1948
Vigdis Jensen f. 1944
Birger Kåre Morlandstø f. 1931
Jonny Vilnar Tusberg f. 1962
Kurt Arne Ekren f. 1954
Karl Lyder Strømme f. 1943
Oddvar Leif Ulveseth f. 1945
Asbjørn Kåre Kausland f. 1942
Nikolas M. Skjerping f. 1992
Monica Næss f. 1953
Randi Helga Skoge f. 1928
Paul Klørvrud f. 1940
Leon Arild Frøiland f. 1940
Aslaug Betsy M. Skaar f. 1935
Eldbjørg Ingrid Ekerhovd f. 1941
Stephen Frank Smith f. 1954
Grethe Raa f. 1947
Mary Oline Møvik f. 1933
Bengt Grahl f. 1959

Landro kyrkje

Bjørg Landro f. 1932
Hans Mathias Vindenes f. 1947
Bjarne Egil Koltveit f. 1951
Magnar Arnold Ågotnes f. 1940
Grethe Karin H. Gundersen f. 1964
Benny Sofie Eide f. 1928
Karl Anskar Andersen f. 1926

Blomvåg kyrkje

Rikke Herdlevær f. 1933
Harald Andreas M. Torsvik f. 1939
Margit Kuven f. 1934
Kirsten Marthinussen f. 1945
Gunn Blomvågnes f. 1953
Astrid Karen A. Torsvik f. 1929

Hjelme kyrkje

Trygve Johannes Hellesøy f. 1938



Blomstrande musikkliv

I gudstenestelivet i Foldnes kyrkje er musikken ein viktig del av heilskapen.

Tekst: Aasmund Brekke

Foto: Andreas Brøvig

Det musikalske uttrykket er variert, med ei fin blanding av salmar frå salmeboka, nyare songar og halvgamle songar som har gått litt i gløymeboka etter tusenårsskiftet. Songen blir akkompagnert i veksling mellom flygel og pipeorgel. I tillegg er det i det siste året teke i bruk eit spennande nyinnkjøp, eit ekte Hammond tonehjulsorgel frå 1958. Det blir brukt på dei fleste gudstenestene, i samspel med flygel. Det er med på å setja ein ekstra spiss på musikken i gudstenesta. Ein til to gonger

i månaden er det i tillegg fullt band med flygel, orgel, bass og trommer og gjerne gitar på gudstenestene.

Det er eit inspirerande engasjement for musikk hos mange i kyrkjelyden. Dei set av både mykje tid og mykje pengar for å bidra til ein endå betre musikalsk heilskap. Mange flinke musikarar stiller opp og er med i samspel med organist og forsongarar på gudstenester og konsertar. Mange har vore med og bidratt økonomisk, med til dels

store gåver som er øyremerk til m.a. hammondorgelet og ein ny førsteklasses gitarforsterkar som nettopp er kjøpt inn.

Ein viktig del av kyrkjelyden sitt musikkarbeid er Gospelkoret Lokal Vokal. Det starta opp i sluttfasen av pandemien og som har no 66 medlemmer og venteliste. Koret deltek jamnleg på gudstenester, og held eigne konsertar, mellom anna storlåtte julekonsertar for fulle hus.

KVA SKJER?

Barn og unge i Hjelme og Blomvåg sokn

| | | | |
|--|--|--|--|
| LEIRAR PÅ SKJERGARDS- HEIMEN 6.-8. juni: Ungdomsskuleleir 11. oktober: Leirdag for 1. klasse 12. oktober: Leirdag for 2. klasse 18.-19. oktober: 3. klasseleir 5.-7. desember: 4. klasseleir Påmelding: kyrkja.no/hjelmeogblomvag/leir | REFUEL 30. mai 13. juni Rong senter kl. 19.30–22.30 | KRIK 23. mai 6. juni Hjeltefjorden arena kl. 19.30–21.30 | SMÅBARNNS- SONG 9. september 23. september Blomvåg kyrkje kl. 17.30 |
|--|--|--|--|

TWEENSFEST

29. mai kl. 18-20.30
i Blomvåg barnehage
for 5.-7. klasse!

Barne- og tweens- program i Sund kyrkjelyd



Stjernekorset

Likar du å synge?
Stjernekorset øver i Sund kyrkje
ca. annankvar tysdag:

- 2. september
- 16. september
- 30. september

For deg som
er mellom 4-9 år.
Vi møtes kl. 17.30-18.30.

Betweenklubb

kl. 17:30 til 19:30

Frå 4. klasse og oppover!
I kyrkjekjellaren, Sund kyrkje.
Vi leikar, ulike aktivitetar, lærer
frå Bibelen, et kvelds saman.

23. september

Myldredag


kl. 17-19

Middag, bibelforteljing,
aktivitetar og fellesskap.
Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje
9. september

Kyrkjelydshuset på Kausland
17. september

Barnekryssord



3. klassevandringar

Fleire skular rundt kyrkjene Fjell, Foldnes og Landro har denne våren hatt tredjeklassevandringar i og rundt kyrkjene. Her har elevane fått utdelt hefte med ulike oppgåver og her har ein av dei fargelagt presten om til Maria prest!



Knøttetreff

Denne våren var det oppstart på eit nytt møtepunkt for barn 1-4 år saman med familien i kyrkjeckjellaren i Foldnes kyrkje. Her er det frileik, songstund med bibelforteljing og kveldsmat. Det blir oppstart på Knøttetreff igjen 4. september kl. 17!

Vannrett

1. Instrument
5. Bananas
8. Guttenavn
9. Ordne
10. Uærlig
11. Krister Roede
12. Forbindelsen
14. Prate-muskel
15. Ukokt
17. Jentenavn

Loddrett

1. Tipi
2. Hovedstad
3. Sted i Trøndelag
4. Dyr
5. Skipsnavn
6. Merkelig type
7. Sjødyr
12. Lunken
13. Nicolai Goli
16. Åse Andersen

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!



Send inn kryssord til:


Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten:
Kryssord

Frist: 31. juli

Vinnar av Barnekryssord
i Himmel&hav nr. 1 – 2025:
Maria O. Ellingsen
frå Bergen

Namn.....

Adresse.....



T-dagen

Trusopplæringsdagen
i Fjell, Foldnes og Landro

Glimt frå T9 Tårnagent, T5 Den gode gjetaren, T2 Påske og T13 Action



«T9 Tårnagentdagen» skjedde i Fjell kyrkje. Tredjeklassingane var med på mellom anna rebusløp og «symboljakt» og utforska både kyrkjerommet, klokketårnet og kyrkjegarden. T5-dagen handlar om "Den gode gjetaren". Gjennom leik, formidling, song og undring får likninga om gjetaren og saueflokkens hans, nytt liv for store og små. På T2-dagen er to-åringane og familiene deira med på ei fin påskevandring langs «Kyrkevegen» ved Foldnes kyrkje. Dei ulike dagane i påskeforteljinga blir fortalt gjennom mange sansar. På T13-dagen fekk sjuandeklassingane bli betre kjende med alt det kjekke dei kan vere med på i kyrkjene våre, og folk dei kan treffe der, når dei snart blir ungdomsskuleelevar. Foldnes kyrkje og uteområdet ved kyrkja var fylt av masse aktivitet og mykje godt humør denne dagen.

Invitasjon til T-dagar!



Påmelding og meir info:
kyrkja.no/t-dagen



T8
Pilegrim
Laurdag 23. august
Morland til Fjell kyrkje



T6
Skulestart
Søndag 24. august i
Fjell kyrkje



T4 T6
Kyrkjeboka mi og
skulestart
Søndag 7. sept. i
Foldnes og Landro



T14
Oppstart konfirmant
tysdag 9. september
i alle tre kyrkjene

Basar i Landro

Basaren i Landro kyrkje midt i mars hadde alt det ein basar av godt merke skal ha. Små og store hadde møtt opp, ca 85 i talet. Barne- og tweenskoret song til stor glede for alle og fekk forsamlinga med i ein glad kanon.

Tekst: Alvhild Vassel Eide

Foto: Hilde Heggholmen



Ragnhild Bjelland heldt andakt der ho bla. sa at Jesus er ein ven for oss, både i med- og motgang. Kakebordet var fullt av kaker, kaffi og saft. Nok til alle, på slutten var alle fata så å seia tomme! 50 loddbøker à 50 lodd var selde og i to åreomgangar gjekk årane unna. Mange og flotte gevinstar var det både på bøkene og på årane. Eit barnelotteri med gevinstgaranti var populært!

Det kom inn kr 45 000, dette skal nyttast til utstyr og aktivitetar i Landroklubben og til ungdomsarbeidstillinga som soknerådet finansierer.

Basargruppa vil takka alle som kom med gevinstar, både privatpersonar, bedrifter og næringsliv både på Ågotnes og Rong! Dei takkar også alle frivillige som tok del i arrangementet med alt frå rigging, åresalg, kaffikoking, baking, rydding og ikkje minst kjøp av lodd og årar.

Sjølv om basaren no er godt innarbeidd og har funne ei god form, trengst fleire medemmer i basargruppa. Om du kan tenkja deg å vera med, ta kontakt med ein av desse to: Tove Karin Angeltveit, tlf 995 90 448 eller Kjersti Berland Hassel, tlf 926 47 406.



Gledeleg dåpsdag

Siste søndag i april var det seks dåphandlingar i Fjell kyrkje! Tre babyar og tre eldre barn (to konfirmantar og ei syster av ein av konfirmantane) vart døypt. Det vart ei spesiell og vakker oppleving for både familiene og kyrkjelyden. Delar av familien til konfirmanten og systera hadde kome heilt frå Spania og Ecuador for å vere med på dåpen og konfirmasjonsdagen helga etter. Far i familien fortalte stolt at han sjølv vart døypt i Fjell for 37 år sidan. Asbjørn Vilkenesen leia den fine gudstenesta og ønskte oss alle velkomne til den store dåpsfesten som dåp i kyrkja er!

Anne L. Kaldestad

Påskeverkstad i Landro

3.april var det generasjonskveld i Landro kyrkje, denne gongen var temaet påskeverkstad. Ca 25 personar, vaksne og barn, var saman om å laga påskepynt av ulikt slag. Kaffi, sjokolade og appelsiner gjekk unna, praten gjekk livleg og ulik pynt vart produsert. Her blei det malt påskeegg, laga påskekuler av fargerikt papir og laga telysehaladarar og krukker til påskegodt, pynta med påskepapir og glansbilete. Somme sådde karsefrø i små krukker med bomull og vatn i håp om at dei skal spira framover mot påske. I den fine vårkvelden vart nokon av barna freista til å leika i hagen bak kyrkja etter produksjonen. Samlinga vart avslutta med at Synnøve diakon las frå Barnebibelen om påsken sin glade bodskap, «Jesus lever».

Tekst og foto: Alvild Vassel Eide



Thailandløpet

Konfirmantene i Hjelme og Blomvåg sprang 10. april Thailandløpet på banen på Toftøy. Dei hadde sjølv skaffa sponsorar som kunne støtta dei med ein eingongssum eller eit beløp per runde dei sprang. Inntektene gjekk til kyrkjas misjonsprosjekt i Thailand. Både konfirmantane og foreldra hadde på førehand fått informasjon om kva pengane går til. Det gjev ekstra motivasjon å vita at for kvar runde ein spring kan ein gjere livet til folket i Thailand betre. Takk til konfirmantane for god innsats. I år kom det inn om lag kr 33 000!



Palmesøndagsprosesjon med brasilianske «passinhos»

Under gudstenesta på palmesøndag i Foldnes bidrog to brasilianske gjester til eit ekstra løft i inngangsprosesjonen, med brasilianske dansesteg (passinhos) saman med sokneprest Maria Tveten.



Sjå glimt frå prosesjonen på nettsida kyrkja.no/foldnes





Ungdomstur til London

I starten av februar drog sju ungdommar i vidaregåande-alder til London saman med Presten Per (Hjeddal) og Maria-prest (Tveten). Temaet på studieturen var «På sporet av noko større», og spørsmålet som stadig vart stilt var «kva gudsbilete, eller kva har du sett, som fortel deg litt meir om gud?». Det var rørande å høyra på! Vi fekk med oss morgonsong i St. Anne's, ein liten kyrkjelyd i Soho, nattverdssamling i storlåtte St Paul, og vi såg musikalen "Les Miserables". Det blir ny ungdomstur neste år!



Påskekveld i Blomvåg kyrkje

Onsdag før påske vart det arrangert «Påskekveld i Blomvåg kyrkje» av Hjelme og Blomvåg sokneråd. Dette er ein årleg tradisjon der ein tek eit dypdykk ned i påskemysteriet. Tema i år var klede. Det ligg mykje djup symbolikk i det som skjer med Jesu klede i påska.

Denne kvelden vart det og tid til å sjå nærmare på dei vakre kyrkjekstilene som vart laga til kyrkja for 25 år sidan. Stolaen og messekakelen prestane nyttar har sitt utspring i det gamle testamentet. Messekakelen tyder «telt» og brukast ved nattverd. Presten «trer inn i eit kjærleikstelt for å dele ut kjærleikens gåver». Ein vekslar i kyrkeåret med å bruka dei fire symbolfargene: kvit, grønn, lilla og raud. Kyrkja var fullsett og kvelden vart avslutta med tapasmåltid.



Kyrkjebok til 4-åringane

Mange fireåringar var til stades i Sund kyrkje søndag 2. mars. Nokre av dei er med Stjernekoret, som song i kyrkja i denne gudstenesta. Denne søndagen skulle «Bibelboka mi» delast ut til alle fireåringar som var i kyrkja. Boka inneholder 16 bibelforteljingar saman med ei bøn og ein song til kvar tekst i tillegg til ein illustrasjon.

Det var sokneprest Lars Arne Vik som stod for utdelinga. Han samla alle fireåringane framme ved alteret, og i tur og orden fekk dei kvar si bok i hendene. Nokre av dei tok straks til å kika i boka medan andre venta med det. Kvart år vert fireåringar inviterte til kyrkja for å få utdelt ei bok!

Olai Otterå



Innsetting av ny seksjonsleiar for diakoni

Søndag 6. april vart Bodil Lee Øksnes Espedahl ønskt varmt velkommen som ny diakonimedarbeidar og leiar for diakoniseksjonen i kyrkja. Under innsettinga vart det lese opp eit brev frå biskop Ragnhild Jepsen, og prost Jan Tommy Fosse leia forbøn for Bodil si teneste.

TAKK TIL VÅRE ANNONSØRAR

Vi gir deg ro til å hedre den som har gått bort.

HEDER | SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ

Sartorgården, 2. etg. over Meny, 5353 Straume
Tlf: 55 55 16 16 | solstrands.no | post@solstrands.no



Bergen&Omegn BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN

Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Fjell-ly Misjons- og konferansesenter AS

- Leir - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40 / 47 47 60 29

Fjell-ly AS, Møvikvn.193, 5357 FJELL
www.fjell-ly.no Epost: dagligleder@fjell-ly.no



Interflora

Sund Senter Blomster

Opningstider
Mån.-ons. kl. 09-18, tors.-fred. kl. 09-20
og laurdag kl. 09-16

Vi er fagudanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder - og elles det du måtte ønskja. Vi har utkjøring av blomar kvar dag. Vi har gravstell.

Tlf.: 56 33 90 13



Din lokale elektriker!

Thunestvedt
Vestgar

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektr.no
vestgar@thunestvedt.no

Annonser i Himmel&hav

Vil du synast for alle innbyggjarar i Øygarden kommune?

Bladet hamnar i alle postkasser i Øygarden, og det er 4 utgåver pr. år med eit opplag på ca. 15 000

Ved å annonse i Himmel&hav får du gjort bedifta di synleg i eit seriøst magasin til heile Øygarden.

Ta kontakt med oss for meir informasjon og prisar:
ys487@kyrkja.no



PåskeTweens, ein kveld full av liv!

Fredag før påske var det klart for «PåskeTweens» i Fjell kyrkje. Karianne Kleppe, kyrkjelydspdøpedagog i kyrkja fortel at det blei ein skikkeleg festkveld!

Tekst: Yngvild Mørner Sørheim

Foto: Tweensklubben



–Klokka sju strøymde tweensarane inn, klare for ein kveld med alt frå ballspel og gaming til quiz, påskepynt, kiosk og mykje meir. Det var latter, god stemning og masse energi i alle krikar og krokar, seier ho engasjert.

Tweens+ og konfirmantane kom litt før, kl. 18.30, og var med dei også. –Vi er så takksame for alt dei bidreg med og for at dei stiller opp med godt humør og innsatsvilje. Dei gjer verkeleg ein forskjel! forteller Karianne.

–Tusen takk til alle som kom og gjorde kvelden til ei ekte påskeopplevelse! Vi gler oss allereie til neste gong. Tweensklubben er for 5.-7. klassingar og oppstart etter sommarferien er fredag 29. august, kom og bli med!



Basar i Foldnes

Kyrkjelydssalen var fylt godt opp under basaren i byrjinga av april. Her var det god stemning med kaffi og bollar, årar og loddbøker. Det vart samla inn ca. 95.000, noko av denne summen skal gå til misjonsprosjekta i kyrkjelyden.



Familiebasar i Blomvåg barnehage

Over 200 personar i alle aldrar møtte opp då "Småprat med noko attått!" inviterte til familiebasar! All inntekt gjekk til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid i Hjelme og Blomvåg sokn, og heile 85.000 kroner vart samla inn denne 1. mai-ettermiddagen. Kyrkjelydspdøpedagog Hogne Berland heldt andakt med fekk hjelp frå fleire barn, og tre ungdomsskulelevar hadde ansvaret under sjølv utlodninga.





Jubileumsveke

31. august-7. september 2025

Søndag 31. august

Opning av jubileumsveka og kulturverndagane i Øygarden ved ordføraren, konsert med Kor i Øygarden og Aud-Karin Lønvik. Vandring på tursti.

Tysdag 2. september

Kulturdag for skulen. Vandring på tursti med kulturinnslag, historie, mattradisjonar, naustmiljø og Hjelme gamle kyrkje.

Onsdag 3. september

Kulturkveld med allsong, dikt, utlodding og basar i Hjelme kyrkje.

Fredag 5. september

Song og musikk med born ved Karen-Oliva Solheimslid, Kulturskulen og Skulemusikkorpset.

Søndag 7. september

Jubileumsgudsteneste, kyrkjekaffi i Notnaustet, innslag på kyrkjebakken før avsluttande underhaldning i kyrkja.

Permanent utstilling

ute og inne som syner kyrkja og delar av kommunen si historie.



DEN NORSKE KIRKJA
Hjelme og Blomvåg sokn

KULTURVERN-
DAGENE 2025



Kystmuseet
i Øygarden

FOLKEAKADEMIET
VEST

Bygda
Hjelme

Dette er ei førebels orientering om jubileumsfeiringa. Meir informasjon kjem etter kvart. Det kjem også informasjon i neste nummer av Himmel&hav og på Facebook: "Hjelme gamle kyrkje". Kulturvern og folkeakademiet er medarrangørar.

Jubileumskomiteen



Vårmarknaden på Kausland

Laurdag 29. mars var det igjen tid for den årlege Vårmarknaden i Kausland kyrkjelydshus. Som vanleg vart kyrkjelydshuset fylt av folk, og dette året var det kanskje ekstra mange innom.

Inntektene frå Vårmarknaden går vanlegvis til arbeidet i kyrkjelyden. Men i år var tanken at ein del av inntektene også skulle gå til prosjektering av ein minnelund på gravplassen på Kausland. Til saman kom det inn vel kr 83.000. 20.000 kroner av dette beløpet skal gå til minnelunden.

Ein viktig del av Vårmarknaden er dei to åresala. Ekstra mange årar var tilgjengelege denne gongen, men alt blei selt i begge omgangane. I tillegg var det selt

108 loddboeker som vart trekte på slutten av marknaden.

Det var også høve til å kjøpe bakevarer, syltetøy og strikka ting. Eit tilbod om tombola var det òg. Kaféen er eit fast innslag på desse marknadane, og den vart flittig nytta. Her kunne ein kjøpe kaker av ulikt slag og sveler.

Innimellan var det musikk på saksofon og piano, og Kjell-Asle Børnes heldt andakt.

Komiteen som står bak marknaden, takkar alle som møtte opp denne laurdagen og fylte kyrkjelydshuset. Dei takkar òg dei mange som hadde produsert handarbeid i løpet av vinteren, og dei mange som leverte inn gevinstar. Ikkje minst takkar dei alle som økonomisk har støttå dei når dei har selt lodd på ulike måtar. I november blir det julemesse i Sund kyrkje!

Olai Otterå

Rom for ei ny byrjing

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle dagar.

Vi blir sameina med Kristus, og blir ein del av det store fellesskapet i kyrkja. Dåp skjer vanlegvis i ei søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap



Dáp





VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

SØNDAG 25. MAI

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Himalpartner.
Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.
Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, band, dåp, nattverd og søndagsskule. Offer: Tro & Medier.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd. Offer: KRIK.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Erling Kopperud, dåp, nattverd, søndagsskule. 50-årskonfirmantar. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

KRISTI HIMMELFARTSDAG 29. MAI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Basecamp.
Vik bedehus kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, nattverd.

FREDAG 30. MAI

Foldnes kyrkje kl. 18: Livets lys-gudsteneste ved Maria Tveten. Kveldsmat etterpå.

SØNDAG 1. JUNI

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Erling Kopperud, dåp og nattverd. Offer: Mercy Ships Norge.
Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Eige arbeid barn og unge.
Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd. Offer: Basecamp.
Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp. Offer: Basecamp.
Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, 50-årskonfirmantjubileum, søndagsskule. Offer: Kyrkjelydsarb.

PINSEDAG 8. JUNI

Kausland kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Normisjon.
Fjell kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Misjonsalliansen.
Foldnes kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp. Offer: NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.
Landro kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd. Offer: Misjonsprosjektet NMS.
Gløvro kl. 11: Frilufts-og familiegudsteneste ved Espen Tveten. Avreise fra p-plass ved gravplassen kl. 10.30.

SØNDAG 15. JUNI

Trellavikbygnaden kl. 11: Friluftsgudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp. Speidalar tek del. Offer: Tofterøy KFUK-KFUM-speidalar
Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Sommarfest etter gudstenesta Offer: Sotra indremisjon.

Foldnes kyrkje kl. 11: Sommarfest-gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd. Gospekoret Lokal Vokal deltek. Offer: Ungdomsarbeidet.
Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og sommarfest. Offer: Livets lys.
Blomvåg kyrkje kl. 11: Song- og musikkgudsteneste med band. Ved Espen Tveten, nattverd og søndagsskule. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 22. JUNI

Tyssøy kl. 11: Gudsteneste i ruinane etter kyrkja til St. Ludvig ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Sund Blandakor deltek. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattverd.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: Menneskeverd.

SØNDAG 29. JUNI

Sund kyrkje kl. 11: Sommar-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Fjell-ly

Foldnes kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved David Skutlaberg, dåp og nattverd.

Blomvåg kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: NLA.

SØNDAG 6. JULI

Kausland kyrkje kl. 11: Sommar-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Erlend Fauskanger, nattverd.

SØNDAG 13. JULI

Sund kyrkje kl. 11: Sommar-gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kristin Hjertaker, dåp og nattverd.

SØNDAG 20. JULI

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd.

SØNDAG 27. JULI

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp.

Hjelme kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Erlend Fauskanger, dåp og nattverd.

Kontaktinfo

SOKNERÅDSLEIARAR

Sund sokneråd:

Arne Bakke, arne-bak@online.no

Fjell sokneråd:

Egil Nødtvedt, netgil@online.no

Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik,
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:

Dag-Olav Bjørøy, bjoroy@online.no

Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Erling Vik, erl-vik@online.no

FELLESRÅDSLEIAR

Gisle Kårbo Rong,
gislerong@hotmail.com

KYRKJEVERJE

Annlaug Børve, 473 04 530,
ab766@kyrkja.no

SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortalt oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse: 924 63 278

Seksjonsleiar diakoni

Bodil Lee Øksnes Espedahl: 930 94 210

Sokneprest i Sund, Lars Arne Vik:
477 56 440

Diakon i Sund, Torunn N. Utvær:
922 34 648

Sokneprest i Fjell, Per Hjemdal:
411 26 549

Diakoniarbeidar i Fjell,
Renate Olsen Seim: 930 36 160

Sokneprest i Foldnes, Maria Tveten:
450 63 016

Sokneprest i Landro, Morten Torsvik:
909 37 169

Diakon i Landro, Synnøve Engelsen:
950 55 178

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg ,
Espen Tveten: 916 17 800

Diakoniarbeidar i Hjelme og Blomvåg/
Foldnes, Ellen Ebbesvik: 924 42 881

SØNDAG 3. AUGUST

Sund kyrkje kl. 11: Sommar-gudsteneste ved kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattverd.

Blomvåg kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd.

SØNDAG 10. AUGUST

Kausland kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: Den Norske Israelsmisjonen.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, Dåp og nattverd.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd.

SØNDAG 17. AUGUST

Sund kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og ranselbøn. Innsetting av kyrkjelydspedagog. Offer: eige arb.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattved.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Sprell levande gudsteneste med ranselbøn, ved Espen Tveten, dåp. Førsteklassingar fra Hjelme og Blomvåg er invitert.

SØNDAG 24. AUGUST

Kausland kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: Basecamp.

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal. Dåp, nattverd og T6-dag.

Foldnes kyrkje kl. 19:

Kveldsgudsteneste.

Landro kyrkje kl. 11: Oppstarts-gudsteneste med dåp og nattverd.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste med dåp og nattverd.



Dåp betyr at det er høve til å ha dåp. Vi tek etterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på

SKJERIKYRKJA.NO

Er hodet ditt fullt

med 

 KIRKEN'S
SOS

Ring eller skriv.
Vi er her. Alltid.

22 40 00 40
soschat.no

Du kan også lese
om kyrkja si
verksemد på:
kyrkja.no/oygarden

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Hjelp oss å halde hjula i gang med kyrkjemagasinet!



Kyrkjebladet Himmel&hav kjem dalande i postkassa med små og store historier frå truslivet her i Øygarden. Bladet blir delt ut gratis, men det kostar å både trykkje og sende det ut.

Vi set stor pris på frivillig kontingent på kr 350 eller ei gāve frå deg som les og vil støtte bladet.

Har du høve til å gi eit bidrag? Om du vippstar eller gir via kontonummer er du med på laget som held bladet i gang.

**Vipps - kyrkjemagasinet Himmel&hav: 82511
Kontonummer: 1503.84.37590**

Takk for at du er med!

No er det 2011-kullet sin tur!

Velkommen til konfirmasjonstid i Øygarden.
Dei framtidige konfirmantane har mykje å gle seg til!

I konfirmasjonstida får unge lære mykje spennande om seg sjølv, om tru, om Gud og den verda dei er ein del av. Dei kan også gle seg til å bli ein del av eit fellesskap. Høgdepunktet for konfirmasjonstida er konfirmasjonsdagen – ein skikkeleg festdag.

 For påmelding og meir informasjon, gå inn på kyrkja.no/oygarden/konfirmasjon



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd